

Vedtektene er sist revidert 25.11.20

# Vedtekter for Studentprisen ved Høgskulen i Volda

## Prisen

- § 1 Studentprisen vart oppretta etter vedtak i Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda (den gong Studenttinget) den 24. februar 2010. Prisen skal fremje engasjement blant studentar ved Høgskulen i Volda.
- § 2 Studentprisen vert delt ut ved studiestart kvart år.
- § 3 Prisen er på 7500 kroner, og vert finansiert av Høgskulen i Volda.
- § 4 Studentprisen kan gå til både einskildpersonar og grupper, og kan verte delt på fleire vinnarar.
- § 5 Juryen for Studentprisen består av leiar for Studentparlamentet, ein frå rektoratet ved HVO, studiedirektør ved HVO, ein frå den administrative leiinga i SiVolda og eit styremedlem i SiVolda.

## Prosess

- § 6 Leiar i Studentparlamentet har det overordna ansvaret for Studentprisen, og leiar juryarbeidet. Vedkommande set i gang nominasjonsprosessen, kallar inn til jurymøte når nominasjonsfristen er ute, og har ansvaret for å overrekke prisen til vinnaren/vinnarane.
- § 7 Studentar og tilsette ved Høgskulen i Volda, og tilsette ved SiVolda, kan nominere kandidatar til Studentprisen.
- § 8 Framlegg til kandidatar må innehalde namn og kontaktinformasjon både for den som nominerer og den som vert nominert, saman med ei grunngjeving for kvifor nettopp denne studenten/desse studentane bør få prisen.
- § 9 Namnet på vinnaren/vinnarane av Studentprisen må vere klart seinast ei veke før offentleggjeringa av prisen ved opninga av nytt studieår.
- § 10 Arbeidsutvalet i Studentparlamentet oppnemner erstattarar dersom nokon av jurymedlemene er inhabile eller ikkje har høve til å møte.

## Kriterium for tildeling

§ 11 Den/dei nominerte skal vere eller ha vore student ved Høgskulen i Volda same kalenderår som prisutdelinga finn stad.

§ 12 Ved tildeling av prisen skal det leggjast vekt på kriteria som er nemnde nedanfor. Ved tildeling må minst eitt av desse kriteria vere oppfylt.

Studenten/studentane har:

- Utmerkt seg særskild gjennom arbeid for eit godt studentmiljø, læringsmiljø eller betre studiekvalitet
- Brukt mykje av tida si på aktivitetar som fremjar studentvelferd
- Vore med på å starte opp nye positive studentaktivitetar
- Vore aktivt med på å fremje Volda som studiestad

§ 13 Juryen avgjer kven av dei nominerte som har gjort seg mest fortent til prisen, og kårar ein eller fleire vinnarar. Avgjerda er endeleg.

§ 14 Juryen kan velje å ikkje dele ut prisen dersom dei manglar kandidatar som oppfyller kriteria.

## Endring av vedtektene

§ 15 Vedtektene for Studentprisen er opne for endring ved to tredjedels fleirtal i Studentparlamentet.